

Øvre Naustdal Utmarkslag  
v/ Normund Svoen  
Solheimlia 2,  
6900 Florø

Florø, 16.04.11

Naustdal Kommune  
v/ ordfører Håkon Myrvang  
6817 NAUSTDAL

## TILTAK I SAMBAND MED LÅG VASS-STAND I SVO- OG NESVATNET

Dei siste åra har fleire av oss som er busette i Nesgrenda inst i Naustdal registrert ei urovekkjande endring når det gjeld vass-standen i Svo- / Nesvatnet. Dette er endringar i negativ lei som viser seg i form av låg vass-stand i vatnet store delar av sommarhalvåret. Konsekvensane av dette er mange. Ein merkar det først og fremst på den ytre delen av Svovatnet og det indre Nesvatnet. Sist sommar /haust var endringane så store at det var vanskeleg å kome ut med båt frå den vestlege delen av Svovatnet og til dels også frå den austlege delen av Nesvatnet. Ein annan konsekvens er at det er uheldig for fisket og fleire av fiskeplassane langs land. Det er registrert at attgroing med vassgras har blitt eit aukande problem langs vatnet, og reknar med at dette er noko som igjen kan ha store konsekvensar både for natur, dyr og fiskeliv i og langs vatnet. Ein annan ringverknad er at det estetiske elementet i ei elles flott grend vert svekka fordi vatnet er det viktigaste "blikkfanget " vi har i grenda.

Problemet skriv seg frå utløpet i vestre enden av Nesvatnet. Her består utlaupet av lausmassar, og desse har gjennom fleire år blitt vaska meir og meir vekk slik at elveutlaupet har blitt senka. Dette speglar den låge vass-standen. I tillegg til dette har utlaupet gjennom fleire år lagt opp massar på ytterkantane, noko som igjen har ført til høge vasstoppar i vatnet ved store nedbørsmengder og flom.

Grunneigar Olav Svoen har tidlegare munnleg orientert og lagt fram problemstillinga for ordfører Håkon Myrvang og Helge Leif Nordvik i NVE. Konklusjonen frå desse samtalanane munna ut i at Utmarkslaget skulle sende ein søknad om ovanfor nemnde tiltak. Søknaden sendast i første omgang til Naustdal Kommune for vidare handsaming. Sidan vassdraget i 2005 fekk vernestatus, skal også Fylkesmannen godkjenne eit slikt tiltak. For ordens skuld kan ein nemne at **alle** grunneigarar med eigedomsrett til Nes- / Svovatnet har vore kontakta, og alle samtykkjer i at ein søknad om ovanfor nemnde utbetringstiltak vert fremja.

**Med bakgrunn i skisserte opplysningar ber Øvre Naustdal Utmarkslag med dette om at Naustdal kommune handsamar denne saka og tek stilling til om det søkte tiltaket kan gjennomførast. Vi ber vidare om at kommunen bringer saka vidare til dei rette instansar for å finne ei god løysing slik at vi unngår at dette problemet forverrar seg og utviklar seg vidare i negativ lei.**

Ta gjerne kontakt om noko er uklart. Kontaktpersonar er Normund Svoen og Olav Svoen.

Med helsing

Normund Svoen  
Leiar ØNU

*Vedlegg: Kart over Svo / Nesvatnet*